



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG  
Att. Silje Karlsen Eik

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anette Heggøy, 5557 2305

## Tilbakemelding på spørsmål om rammevilkår for nye avløpsanlegg for Knarvik og omkringliggjande område

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 26. februar 2021 med spørsmål om innspel frå Statsforvaltaren om rammevilkår for ny(e) avløpsanlegg i Alver kommune.

Nytt avlaupsreinseanlegg for Knarvik og områda rundt er under planlegging. Frå Alver/Alversund til Knarvik er det ei samanhengande tettbygd område. Opphavleg plan legg opp til å lokalisere eit nytt reinseanlegg for Knarvik med utslepp til Osterfjorden på Kvassneset. Anlegget kjem inn under forureiningsforskrifta kap. 14. I samband med dette prosjektet er det er kome opp ein del spørsmål frå kommunestyre i Alver kommune.

### Spørsmål 1

*Resipienten ved Kvassneset er overvaka over ein lang tidsperiode og viser til stabile og gode tilhøve. Med bakgrunn i den kjennskapen Statsforvaltaren har til resipienttilhøva i Radfjorden er det då slik at ein må planlegge for utvida reinsing utover sekundærreinsing ved eit evt. utslepp til Radfjorden?*

### Statsforvaltaren sitt svar

Krav til utslepp av avløpsvatn frå tettbygd område med samla utslepp større enn 10.000 pe til sjø følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 14. Krav til reinsing er gitt i § 14-6 til § 14-8.

I utgangspunktet er alle sjøresipientane som er nemnt i brevet frå Alver kommune karakterisert som mindre følsamt område, jf. forureiningsforskrifta kapittel 11 vedlegg 1 punkt 1.2. Utslepp til slike resipientar skal gjennomgå sekundærreinsing, jf. forureiningsforskrifta § 14-8. Statsforvaltaren kan gje unntak frå sekundærreinsing (dvs. primærreinsing) etter nærare gitte føresetnader, jf. § 14-8 tredje ledd. I enkelte tilfelle kan miljøstyremaktene også stille strengare krav enn forskrifta dersom resipienttilhøva tilseier det. Dette vil avhenge av miljøtilstanden i resipienten, resipientens kapasitet til å handtere utslepp og summen av andre påverknader som resipienten er utsett for.

Før ein konkret søknad ligg føre kan vi ikkje gje eit direkte svar på kva reinsekrav som vil bli stilt til eit eventuelt utslepp til Radfjorden. Dette må vurderast gjennom sakshandsaminga av søknaden og inneber vurderingar av utsleppet etter forureiningsforskrifta, forureiningslova, vassforskrifta og



naturmangfaldlova. Miljømålet i vassforskrifta om å at miljøtilstanden i resipienten ikkje skal endrast til dårlegare tilstand er sentralt her. Likevel kan det nemnast at Statsforvaltaren i Vestland sjeldan har gitt strengare krav til reinsing enn sekundærreinsing. Unntaket er utslepp til resipientar som er karakterisert som «normale», jf. definisjonane i forureiningsforskrifta kapittel 11, vedlegg 1.

For at vi skal kunne gjere gode vurderingar av eit utslepp til Radfjorden, krevst det oppdatert informasjon om miljøtilstanden i resipienten. Resipientundersøkingane det er vist til i forprosjektet er frå 2013. Til grunn for ein søknad om utslepp til Radfjorden bør det difor utførast nye resipientundersøkingar og vurderingar av planlagt utsleppsomfang og utsleppspunkt. Resipientvurderingane bør også inkludere spreingsberegningar for aktuelle utsleppspunkt.

Plassering av reinseanlegg og annan avløpsinfrastruktur er kommunen si avgjersle og Statsforvaltaren vil difor vere forsiktig med å legge føringar for dette. Vi vil likevel poengtere at vi helst ser at utsleppa så langt som råd blir ført til den av dei aktuelle resipientane som er minst sårbar og har best kapasitet til å ta i mot utsleppet.

## **Spørsmål 2**

*Korleis vert krava til eit felles reinseanlegg kontra fleire mindre reinseanlegg med spreidd lokalisering med andre resipientar enn Kvassneset. Til dømes Radfjorden/Kvernafjorden eller ca 1,5 km lengre inn i Osterfjorden?*

### **Statsforvaltaren sitt svar**

Utsleppa frå tettstaden vil falle inn under reinsekrava i forureiningsforskrifta kapittel 14 uavhengig av om utsleppa blir fordelt på fleire mindre reinseanlegg eller ikkje. Det vil seie at alle utsleppa i utgangspunktet skal gjennomgå sekundærreinsing. For gode resipientar kan det vere aktuelt å tillate primærreinsing etter søknad om dette, men dette føreset at det er gjort grundige resipientvurderingar i forkant. Ved vedtak om unntak frå sekundærreinsing (altså primærreinsing) vil det bli stilt krav om at blir satt av areal til og at det blir planlagt for ei eventuell oppgradering til sekundærreinsing på sikt.

Når det gjeld bygging av eitt felles anlegg kontra fleire mindre, vil vi elles påpeike at bygging og drift av eitt felles anlegg truleg vil vere fordelaktig både med tanke på økonomi og ressursar. Det vil også truleg ta kortare tid å få på plass. Fleire anlegg er meir arbeidskrevjande å drifte, og kan hende også meir energikrevjande. Vi vil også påpeike at alle anlegga vil få krav om akkreditert prøvetaking, noko som både medfører kostnader og som tar tid å få etablert. Fleire anlegg betyr også auka analysekostnader. Vi minner også om at det ved val av løysing bør tas høgde for at det i framtida kan kome krav om meir avansert reinsing slik at anlegga må oppgraderast.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Anette Heggøy  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*